

**SAK 04/25      BEREDSKAP – HAR HALLINGDAL TATT HØGDE FOR EIN VERDEN I ENDRING?****Saksopplysing:**

Då Regionrådet i mars 2025 fekk ein statusoppdatering om Regionplan for Hallingdal, vart rådet einige om at tiltaket som omhandlar beredskap bør få større merksemd, fordi verda har endra seg mykje sidan Regionplanen vart vedteke i okt. 2024. Det vart derfor foreslått beredskap som tema på Hallingtinget.

Frå før er det semje om at det regionale beredskapssamarbeidet bør styrkast - basert på dei erfaringane som kommunane sit med etter Hans og andre hendingar. I sak 47/24 kom kommunedirektørutvalet med ein liste med tiltak som kan styrke det regionale beredskapssamarbeidet. Denne lista tok Regionrådet til orientering:

- Starte arbeidet med regional ROS, med særleg fokus på hendingar som involverer fleire kommunar
- Beredskapskoordinatorene bør ha faste møte.
- Ein bør ha årleg regional beredskapssamling med kriseleriinga i kommunane, nødetatar og samvirkeaktørar. Teoridel med aktuelle tema, samt øving. Mediehandtering er ein svært viktig del av kommunal kriseleriing og bør øvast særskilt for sentrale ledd i kriseleriinga.
- Kommunane i størst mogeleg grad brukte felles planmalar
- Beredskapskoordinatorane bør delta som observatørar når kommunane øver internt.
- Kommunane bør vera innstilt på å stille opp for kvarande med personell og utstyr når ei krise oppstår (følger også av loven)

**Vurdering:**

Det å ha ein god beredskap og ein plan for korleis ein skal møte ulike situasjoner, er viktigare enn nokon gong. Både kommunar, kraftprodusentar, næringsaktørar, helseforetak og andre har ein eller annan form for beredskapsplan, men me meiner det har noko for seg å samordne noko av den regionale beredskapen. Hallingtinget blir derfor invitert til å vedta nokre tiltak som skal bidra til å styrke den regionale beredskapen.

**Forslag til vedtak:**

1. Hallingtinget ber administrasjonen starte arbeidet med ein regional ROS, med særleg fokus på hendingar som involverer fleire kommunar
2. Hallingtinget ber KRU (beredskapsansvarlege) vurdere følgande:
  - Årleg regional beredskapssamling med kriseleriinga i kommunane, nødetatar og samvirkeaktørar. Teoridel med aktuelle tema, samt øving. Mediehandtering er ein svært viktig del av kommunal kriseleriing og bør øvast særskilt for sentrale ledd i kriseleriinga.
  - Kommunane skal i størst mogeleg grad brukte felles planmalar
  - Korleis skal kommunane stille opp for kvarande med personell og utstyr når ei krise oppstår. Behovet for hjelp på tvers av kommunegrenser kan oppstå som følgje av ressursmangel og fordi oppdraget varar over lang tid

Hallingdal, 10. april 2025

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar